

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 71

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Borgund

Emne: Gifteferdig ungdom

Bygdelag: Spjelkavik

Oppskr. av: Ludv. Muri

Gard:

(adresse): Spjelkavik

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
eldre koner 70-89 år., bönder.

## SVAR

- I) Helst i same bygda eller sokna.
- 2) Giftarmål til grannebygda kunne gå, men lengre burt, var som å bryta med sett, gard- og grøndelag. Men det vart gjort, mest av ungkarar som fann seg gifte i ei jordagjente eller enkje med gard.
- 3) Ein skulle finne sin like, sa dei, både i alder og lag. Det var best slik, men her var mange undantak. Unge gifte seg med eldre, både gutter og gjenter. Men stand et og eiga såg dei mykje på. "torva gifte lurva" sa dei om ei "skryta" jordataus med retten til ein god gard.
- 4) Synet og vurderinga var sameleis hjå både partar.
- 5) I mange høve var det dei. Foreldra måtte i alle høve gi samtykket sitt til giftarmålet.
- 6) Det var mest konene som stelte med ekteskapspolitikk for døtrene sine. Planar vart lagd, men held ikkje alltid stikk. Dei unge ville og ha eit ord med. Planane var helst lagd med tanke på "eit godt gifte" (velstand, makt og vörDNA).
- 7) Nei.
- 8) Systerbyte og syskenbyte er kjent, men ikkje så ofte i praksis. Det ligg i sjølv orða, men om der låg ei djupare meiningsbak, er uvisst, utanom det som er sagt i siste ledet av svar 6.
- 9) Det var mest setteomsyn og makt. Blodet skulle ikkje tynnast ut med ringare innslag.

- I0) Skyldskapsgifte var ikkje bra. Så nærskyld som tre  
menningar gjekk an, men syskenborn vart set på som  
ein fære og kunne veikje avkjømet både kroppsleg  
og åndeleg.
- II) Nei det var det same.
- I2) Ja, i mange høve.
- I3) Det vart set på som einvist og uklokt i fall det ik-  
kje fylgde verfulle ting med som t.d. dugleik i ar-  
beid.
- I4) Ja, ofte ein eldre lærar i bygda, eller andre skynsa-  
me menn og kvinner, som dei unga kunne tru seg til i  
slike hjartesaker.
- I5) Ukjent.
- I6) Ja, i så måte er forteljinga i "Storm og stilla"  
av Ivar Aasen eit klssisk döme, Men liknande döme  
har ein om gjenter som på ein eller annan måte fekk  
syna dugleiken sin for den tilkomande værmora.  
Dette galdt serleg om gjenta var flink i verving,  
syng og saum og anna husflidsarbeid. Hadde ho sam-  
stundes eit godt omdöme frå der ho hadde tent, vart  
ho sidd på som eit bra kone-emne, jamvel om velstand  
vanta. Ei beint fram-prøve kjenner ikkje til.
- I7) Dei som ikkje var bunde til bondeyrket stod friare  
i val av ektemake. Såleis tenestefolk og meir frie  
yrke som handverkarar, fiskarar o.l.
- I8) Ei enkje stod ofte friare, men ho hadde og visse  
omsyn å ta til born og kårfolk og til andre i ætta.  
Ein dugande kar vart som regel vel motteken, men  
det kunne meldast seg som friar ein leting og ein  
slask, og då vart giftarmålst ille omtalt av gronda  
og ætta.
- I9) Nei, det var slett ikkje vanleg. Ei eldre gjente  
med ~~xxd~~ noko i bakhanda såleis, vart rekna som ei  
"atteglöyme" og stod ikkje så högt i kurs.  
Då hadde det tradisjonelle heimanfylgjet meir å  
seia. Ei giftande gjente hadde som regel eit år  
"å laga seg til" Ho skulle spinne og veva til eit

3

19) sett sengkler-eitt fekk ho hjå foreldra sine. Så skulle ho laga i stand sitt eige utstyr som brukjole, annandagskjole, undestakkar og undetøy, dukar og klær til ymse bruk i huset. Endelig skulle ho lage brudgomsutstyr med dress og undeplagg. Etter bryllaupet (i heimen til til brura) kom det eigenlege heimanfylgle i fall gjenta gifte seg til ein gard. Det kunne vera mangt og mykje, som kister og skrin, oppreidd song med songsted, ymse möblar, mat i korn, brød og sul. To vaksne mjölkekyr, ei kvige og 6 sauar. Attåt dette kom skaligåvane i pengar eit hundred dalér, alt ettersom.....

Den unge kona heldt så heimkomgilde i den nye heimen sin med leivningar av bryllaupsmaten, eller helst skulle ho ha laga maten sjølv, så ho kunne få visa kor flink ho var til å laga mat. Grannekonene vart og bedne til konelag, så den nye kona kunne koma inn i grannelaget og omgangskrinsen så snart som råd var.

- 20) Ukjent.
- 21) Ukjent.
- 22) Ukjent.
- 23) Dei skulle i alle fall ikkje syna at dei hadde "eit godt auga" til kvarandre.
- 24) For ei 40-50 år sidan.
- 25) Nattelaupar, skyvjar.
- 26) Gutar som for på nattefriing gjekk helst to i lag eller friaren var alene. Nattelöyping var mest ein flokk unggutar i lag til å halda moro og leven.
- 27) Uvisst.
- 28) Ja.
- 29) Helst frå same gronda.
- 30) Ja.
- 31) Ukjent.
- 32) Ja. Venskap dei i mellom, men uvenskap til motparten.
- 33) Dei gjekk som regel i lag og hjelpte kvarandre om det trøngst (å koma seg inn til gjenta, eller halda borte andre i same ørend.)

- 34) Onsdagskvelden var ofte frikveld for tenestefolk.  
Men laurdagskvelden var den mest vanleg skyvjar-kvelden.
- 35) Andre kveldar var og brukts, serleg av slike som ville vera ute åleine og friinga ein löyndom lengst råd var.
- 36) Ja.
- 37) ukjent. Spørsmåla frå 37-46 ligg så langt attende i tida at det meste er ukjent. Det har mellom bygdefolk vore set på som ei skam for ein gut å gå til ei gjente om natta. Först når dei var trulova, gjekk det an.
- 47) Ukjent.
- 48) Helst ein annan kveld.
- 49) Ja.
- 50) uvisst.
- 51) Sylgjer og ringar, broderte belte, hoseband. o.l.
- 52) Å gjøra prette med ein nattefriar har vore vanleg. Det var helst ein flokk unggutar som styrt med slikt. Var guten kømen sjøveges, drog dei båten langt avmerkes, rigga han opp med segl og styre langt fram på land o.l.
- 53) Ukjent.
- 54) Spørsmåla 54-56 er ukjent her.
- 57) Både -og.
- 58) Ja.
- 59) Ein klump brunsukker kunne vanka, ikkje "sterke" saker der.
- 60) Nei, men etter sætrejaginga om hausten gav dei kyslar.
- 61) Helst det første, men stundom kunne gjentene halda seg frampå.
- 62) Ja serleg i danselag, seterhelg og i bryllaup.
- 63) Nei.
- 64) Ja, slike "kvile" vart kalla "kjærleiksbenkjer".
- 65) Nei.
- 66) Nei.
- 67) Det var vanleg at nærmaste slekta kom saman i gjestebod til ymse tider i året. Helst i jula, men og i påska, kvitsunhelga, i barnedåp og gravferd.
- 68) Ja.

- 69) Nei, det var dei unge som låg der, stundom par om par som dei sjølve maka saman. I bryllaup skulle ein gut ha ei bryllaupsgjente. Dei dansa i lag og låg ilag i flatseng.
- 70) Stabbedansen er kjend, men det er lenge sidan skikken var i bruk her. Å få eit par på stabben, var ei form for erting, <sup>serley</sup> for slike dei trudde var glad i kvarandre.
- 71) Nei, berre ei kåt moro.
- 72-73) Ukjent.
- 74) Ja.
- 75) Nei.
- 76-77) Nei, ukjent.
- 78) Ja, samskotslag, kaggeöl, oppesete
- 79)
- 80) Ja, på setra hadde dei stölshelg, gjentehelg, tausa-helg.
- 81) Gutane vart bedne, ingen kom ubeden.
- 82) Husmora på garden sende mat. Rjomograuten var fast skikk attåt åfallringe, tettamjölk og sötmjölk.
- 83) Kvar setergjente hadde sitt lag. Heime kunne dei og ha gjentelag, men då vart ikkje gutane bedne. Slike lag gjekk på omgang, og husbandfolket gav trakteringa.
- 84) Gjerne ein onsdagskveld.
- 85) Det var song og leik, pantoleikar, gitagåter m.m.
- 86) Sjå svar 80-81-82.
- 87) Dør var helst dans, og spolemannen var med.
- 88) Ukjent.
- 89) Bærturar og fjellturar om sommaren var vanleg for born og ungdom. Ein og annan språk "gamling" kunne og vera med.
- 90) Nei.
- 91) Ja. Ball-leikar var mykje i bruk før.
- 92) Nei.
- 93) Ja, dei hadde noko som vart kalla spørjar-stove. Det var helst læraren i krinsen som såleis samla både ungdom og eldre til spurningar og svar, mest i kate-

6

kisma og forklaringa. Dei unge på garden samlast ofte sundagskveldane i dei myrke årstidene i dei største stovene og heldt moro med leik. Det var ikkje alle stader dans vart lika eller tolta.

94) Sundagskveldane møttest ungdomen på dansevollen eller i dansstover der husbondsfolket tok vel i mot dei.

I seinare tid har dampskipsbryggja og bilhaldeplassen vorte samlingsplassen for ungdomen, saman med kafeen i nærlieiken.

95) Vinterstida var det oppesete. Då samlast ungdom frå grønda til moro. Gjentene hadde eit eller anna handarbeid med, medan gutane fann på ymis moro. Dei knekte netter, spela "øydde og gjamt", spela kort, gater, leika pantoleikar og tok seg ein dans i fall der var spelemann på garden. Slike oppesete var det slutt med for omlag 60 år sidan. Slike samkomer kalla vi for kaffilag. Men så kom dei frilynde ungdomslaga og med dei møter og songlag kring 1900.

96) Det var særleg på förejulsvinteren og i jula til gutane før i fiskja kring kyndelsmess.

97) Nei. Det var somme heimar som av religiøse grunnar ikkje likte slike samkomer. Ungdomsleik og moro, særleg dans, var synd.

98) Nei.

99) Sagt under 95.

100) I grønder ungdomen fekk dansarstover og hadde spelemann, dansa dei både laurdagsnatta og sundagsnatta. Dette var til fiskja tok til.

101) Ja.

NORSK Etnologisk Granskning

102) Det sytte gutane for, og dei la ut spelengane.

103) I kaffilaga (kaffi og kveitebrød) betalte gutter og gjenter kvar sin gong. Elles fall det mest på gutane

Innkommene gjentene hadde, var små, så det var ikkje så mykt i festa år.

15172

I04) Nei.

7

I05) Døi møttest vanleg på isen til skeisørenn og stundom i kjelkebakken.

I06) Nei, Vanleg var det ikkje forbod. Kvar fekk nytta I07) fritida som dei ville, ingen skilnad på gut og gjente.

I08) Tenarane stod friare.

I09) Stundom av religiøse grunnar.

I10) Ja.

I11) -I27) ukjent.

I28) Ja, men med skjemtfullt tonelag.

I29) Såvore ligg i saka löynt. Dette vert ikkje bore fram på "torget".